



Arkivnr: 2014/14645-48  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		08.04.2015

## Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2015

### Samandrag

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* vart det etablert ei ny tilskotsordning til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Ordninga har ei råde på 2 mill kr i 2015. Bakgrunnen for tilskotsordninga er å styrke det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane. Tiltak som er høgt prioriterte i kommunane sine trafikksikringsplanar er ofte små tiltak som likevel kan vere av stor betydning. Det er ei målsetjing at denne tilskotsordninga skal vere med å løfte fram desse tiltaka. Det er utelukkande kommunar som kan søkje om tilskot til tiltak på kommunal eller fylkeskommunal veg. Målsetjinga er å få gjennomført enkle tiltak, utan store kostnader og innan kort tid.

Innan søknadsfristen den 6. mars var det kome inn 29 søknader frå totalt 12 kommunar. Sju av kommunane søkte om meir enn eitt tiltak. Totalt vart det søkt om tilskot på 3.386.550 kr, med ein totalkostnad for alle prosjekta på 4.975.200 kroner. Dei aller fleste tiltaka er på kommunal veg, og retter seg inn mot mjuke trafikantar, og ligg langs skuleveg/tettbygd strok. Det er i stor grad søkt om midlar til fortau, gangfelt, vegljøs, skilting og oppmerking. I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet.

### Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) vedtek fordelinga av tilskotsmidlar til mindre fysiske trafikksikringstiltak 2015 slik det framgår av saksframlegget.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 19.03.2015**

## Bakgrunn

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* vart det etablert ei ny tilskotsordning til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Ordninga har ei råde på 2 mill kr i 2015. Bakgrunnen for tilskotsordninga er å styrke det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane. Tiltak som er høgt prioriterte i kommunane sine trafikksikringsplanar er ofte små tiltak som likevel kan vere av stor betydning. Det er ei målsetjing at denne tilskotsordninga skal vere med å løfte fram desse tiltaka. Det er utelukkande kommunar som kan søkje om tilskot til tiltak på kommunal eller fylkeskommunal veg. Målsetjinga er å få gjennomført enkle tiltak, utan store kostnader og innan kort tid.

Til samanlikning kom det i 2014 inn 24 søknader frå 11 kommunar. Det vart tildelt tilskot til 14 av tiltaka. Merk at i 2014 var det sett at 1 mill kr til ordninga.

## Kort om tilskotsordninga

Ordninga kan finansiere inntil 70 pst av godkjende kommunale og fylkeskommunale tiltak, og det vert krevd ein lokal eigenandel på minst 30 pst av tiltaket sin totale kostnad. Totalt kan ikkje tiltaket overskride 250.000 kr eks. mva. Forpliktande dokumentasjon på den lokale eigenandelen skal følgje søknaden. Vidare vert det sett krav til eigenandel og dekking av meirforbruk/overskridingar. Ved kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadane. Ved søknad om tilskot til fleire tiltak frå ein kommune, må kommunen prioritere mellom tiltaka.

Grunnleggjande kriteria henta frå handlingsplanen:

- Ordninga vil vere basert på søknader frå dei enkelte kommunane til FTU.
- Tiltak må i utgangspunktet gjelde kommunal eller fylkeskommunal veg.
- Det vil vere krav om at kommunane har ei oppdatert trafikksikringsplan.
- Det vil vere krav om at tiltaka er planavklart eller eventuelt ikkje har behov for omfattande planavklaringar.
- Det vil vere krav om kommunal medfinansiering.

I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet. I vurderinga av søknadane vart det lagt vekt på at tiltaka som søker delfinansiering frå tilskotsordninga skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafiktryggleiken. Det kan søkjast om midlar innanfor eit bredt spekter av tiltak, men tiltak som rettar seg inn mot mjuke trafikantar, i særleg grad born og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulukker vert særleg vektlagt ettersom dette er tiltak som knytter seg til Hordaland fylkeskommune sine særskilte satsingsområde i denne planperioden.

## Meir om vurderinga av tilskotssøknadane og kommunane sin status i høve til 2014-tildelinga

Totalt sett så er det søkt om mange gode trafikksikringstiltak, og tilskotsordninga fungerer slik sett etter føremålet. Dei 29 ulike tiltaka er ulike både i type, omfang og kostnader. Dei aller fleste tiltaka er på kommunal veg, og retter seg inn mot mjuke trafikantar, og ligg langs skuleveg/tettbygd strom. Det er i stor grad søkt om midlar til fortau, gangfelt, vegljøs, skilting og oppmerking.

I Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune si vurdering av søknadane er det særleg lagt vekt på den trafikkfaglege delen av tiltaket, det vil seie effekten av trafikksikringstiltaket og om alle omsyn er teke med i planarbeidet, jf praktisk gjennomføring. Vidare har type tiltak vore ein del av vurderinga saman med tidsaspektet for gjennomføringa (byggeperioden). I vurderinga har det vore viktig å løfte fram dei tiltaka som vil gje best trafikksikringseffekt. Totalkostnaden og kommunen si prioritering er difor ikkje teke omsyn til i like stor grad.

Mange av tiltaka omfattar ny skilting i området, og med det krav om skiltvedtak frå Statens vegvesen. Skiltplanane (og skiltinga) må vera i tråd med sentrale skiltnormalar. Statens vegvesen har skiltmynde for trafikkregulerande skilt også på kommunalt vegnett. Tiltak som omfattar ny skilting krev difor skiltvedtak frå Statens vegvesen. Godkjent skiltvedtak må leggast ved som dokumentasjon for utbetaling av tilskot.

	Kommune	Kostnad	Søknadsbeløp	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	250 000	175 000	Follese skole, Fjelltnunvegen. Etablere rundkøyring for av-/påstigning ved lev./henting av skuleborn.	175 000
2	ASKØY 2	250 000	175 000	Lienvegen. Forsterking av vegkant og rekkverk langs Tressvatnet. Ca 250 m rekkverk. Dødsulukke i 2013.	175 000
3	AUSTRHEIM	246 700	172 500	Flytte innkjørsla og vegen til Furuly eldre-senter på Årås. I dag går innkjørsla til eldresen. gjen. innkøyringa til skulen.	172 500
4	BØMLO 1	250 000	175 000	Moster skule. Forlenga fortau med 125 m.	175 000
5	BØMLO 2	200 000	140 000	Åreidalen. Utbetring av avkjørsel til friluftsområde. Betre siktforhold. Og ynskje om busstur og lys i krysset.	0
6	BØMLO 3	81 000	56 700	Hollundsdalen-Leite Aust. Fv 542. Vegljøs på skuleveg. 6 lyspunkt.	0
7	BØMLO 4	180 000	126 000	Høvringevikjo-Røyksund. Vegljøs på skuleveg. 12 lyspunkt.	126 000
8	BØMLO 5	135 000	94 500	Skimmeland-Hantikkehaugen. Vegljøs på skuleveg. 10 lyspunkt.	0
9	ETNE 1	200 000	140 000	Ved idrettsanlegget. Barnehageveg. Idrettsarenaer. 2 opphøgde gangfelt. Skilt og lys.	140 000
10	ETNE 2	100 000	70 000	Langs skuleveg. Opphøgd gangfelt. Skilt og lys.	0
11	FJELL	250 000	100 000	Fortau 130 m. Overgangsfelt med intensivbelysn.	100 000
12	KVINNHERAD 1	30 000	21 000	Sundal sentrum. Meir ope rekkverk over bru. Markering av gang- og vegbru. Frisikt/ køyremøns.	0
13	KVINNHERAD 2	282 000	175 000	Baronivegen. Fv 53. Etablere fortau frå Kyrkjevegen til brua. Sikre samanhengande tilbod for gåande i sentrum.	0
14	KVINNHERAD 3	60 000	42 000	Husnes sentrum. Gangsti er for smal til at den kan brøytast. Opprusting og asfaltering.	0
15	KVINNHERAD 4	20 000	16 000	Hatlestrand ungdomshus. Fv 49. Dårleg siktilhøve. Sprenga vekk fjellnabbe. Utbeta frisikt og stoppsikt.	0
16	KVINNHERAD 5	50 000	35 000	Gjermundshamn. Fv 48 og Fv 49. Skuleveg. Kryssing fv. Gangfelt må etablerast.	0
17	KVINNHERAD 6	75 000	52 500	Malmanger skule. Kv 8. Tydeleggjera trafikkmønster og bussoppstilling. Ordna skilting.	0
18	KVINNHERAD 7	80 000	56 000	Herøysund. Fv 48. Fjerne fjellnakke som ligg svært nær køyrebane. Frisiktzone utviding.	0
19	KVINNHERAD 8	25 000	17 500	Valen skule. Fv 48. Etablere gangfelt v/ skulen.	17 500
20	KVINNHERAD 9	120 000	84 000	Stussvikhovdane. Fv 49. Fare for utforkøyring og bråstopp i tunnelportal. Byggje rekkverk inn i tunnelp.	84 000
21	LINDÅS 1	200 000	140 000	Kolåskrysset. Betre tilrettelegg for mjuke trafikantar. To oppheva tilrettelagt overgang/ gangfelt. Forlenging av fortau. Grave att dagens GS - leier ut i veg.	140 000
22	LINDÅS 2	80 000	56 000	Kryss Lonsvegen/ Juvikstølen i Knarvik. Betre tilrettelegg. for mjuke trafikantar, reduksjon av fart. To fartshumpar.	56 000
23	OS 1	180 000	126 000	Veglys på sti som er snarveg og bind saman 2 kom.vg. Nær barne- og ung.skule.	126 000
24	OS 2	200 000	140 000	Supplering av enkeltamatur (evt inkl ny stolpe) på samleveggar og g/s veggar med stor til middels gangtrafikk.	0
25	STORD 1	500 000	350 000	Sagvåg skule. Ny rundkøyring. Beta tryggleiken til elevane og andre mjuke trafikantar.	175 000
26	STORD 2	500 000	350 000	Litlabø skule. 110 m fortau, utvida veg med rundkøyring. Beta tryggleiken til elevane og andre mjuke trafikantar.	0
27	SUND	113 000	79 100	Skogsvåg barneskule. Sundhallen. Byggje fortau på 130 meter. Utvide veg ved Sundhallen.	79 100
28	ULLENSVANG	242 500	169 750	Kinsarvik skule. Skilting og oppmerking av avstigingsplass. 15 nye lyspunkt.	169 750
29	VAKSDAL	75 000	52 000	Tre fartshumpar i 30 sone. Nytt køyre-mønster et. etab. av nytt kryss til E16.	52 000
	<b>OPPSUMMERT</b>	<b>4 975 200</b>	<b>3 386 550</b>		<b>1 962 850</b>

Som det går fram av tabellen så søker fem av kommunane om eitt tiltak, fem av kommunane søker om to tiltak, medan Bømlo kommune søker om fem tiltak, og Kvinnherad kommune har sendt inn søknad på ni ulike tiltak. Søknadssummane varierer frå 16.000 kr til 350.000 kr. Tre av tiltaka har ei kostnadsrøme som er over 250.000 kr, jf kriteria. Dette gjeld begge søknadane frå Stord kommune, samt eine søknaden frå Kvinnherad (Kvinnherad 2). Vidare er det opplyst at eit av tiltaka har eit litt lenger tidsperspektiv, og vil ikkje vil verte ferdigstilt før i 2016 (Bømlo 2). Fire av tiltaka er ikkje forankra i trafikksikringsplanen til kommunen (Bømlo 3, Bømlo 5, Etne 2 og Sund), og eit av tiltaka står allereie i fylkeskommunen sitt Plan- og byggjeprogram for 2015 (Kvinnherad 5).

Som tabellen over viser så er totalt 16 av dei 29 tiltaka prioritert til å få tildelt tilskot. Desse tiltaka er vurdert til å vere dei trafikksikringstiltaka som vil gje best mogleg effekt ut frå tilskotsordninga så røme. Alle tiltaka utanom eitt vert vurdert til å få tildelt søknadssummen. Tiltaket Stord 1 er eit godt tiltak, men har ein totalkostnader på 500.000 kr, og ein søknadssum på 350.000 kr. Med bakgrunn i tilskotsordninga sine kriteria så er dette vurdert til å få eit tilskot på 175.000 kr.

Seks av kommunane som søker om tilskot i 2015, fekk og tilsegn gjennom same tilskotsordninga i 2014. Lindås kommune fekk då tilsegn på to tiltak. Av dei seks kommunane frå 2014-tildelinga så er det berre Os kommune som enno ikkje har fått utbetalt tilskotet for 2014-tiltaket.

#### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Den faglege vurderinga av Statens vegvesen har vore svært viktig i dette arbeidet. Ut frå vurderinga som er gjort finn fylkesrådmannen at alle kommunane har ein eller fleire gode søknader, og fylkesrådmannen rår difor til at alle kommunane får tilskot. Det vert rådd til at kommunane Askøy, Bømlo, Lindås og Kvinnherad får tilsegn om to tiltak kvar.

Det er totalt sett at 2 mill kr til denne ordninga i 2015, og fylkesrådmannen rår til at det vert tildelt midlar til 16 tiltak, med ein total tilskotssum på 1.962.850 kr. Fylkesrådmannen er kjend med at nokre kommunar er i slutfasen av arbeidet med sine trafikksikringsplanar i vår, og at det i desse planane vil komme tiltak som fell innunder kriteria til denne tilskotsordninga. Fylkesrådmannen vil difor opne for at det kan gjennomførast ei ny, enkel tildeling hausten 2015 for å få nytta dei resterande midlane.